



Siva - Selskapet For Industrivekst Sf  
Professor Brochs gate 12  
7030 Trondheim

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref: 24/6989 - 24/26969	Vår saksbehandlar: May Britt Roald -	Dato: 01.03.2024
-------------	--------------	-----------------------------	--------------------------------------	------------------

## Oppdragsbrev SIVA 2024 fra Møre og Romsdal fylkeskommune

Gjennom dette brevet overfører Møre og Romsdal fylkeskommune midlar til SIVA – selskapet for industrivekst sin innsats for 2024, under ordningane:

- Næringshageprogram
- Inkubatorprogram

Overføringa vert dekt av midlar frå Statsbudsjettet Kap. 553, post 61, mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling. Totalt vert det overført 22 mill. kroner til SIVA for 2024

### Overordna mål og føringar for SIVA sin innsats i fylket

Følgjande planer og satsingar ligg til grunn for det regionale oppdraget:

- Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021-2024
- Fylkesstrategi for Forsking og innovasjon 2021-2024
- Skaparkraft – 2022-2032
- Felles spissa samfunnsoppdrag/«missions»

### Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021-2024

Planen har definert fire langsiktige hovudmål som skal leggjast til grunn for utvikling, planlegging og aktivitet i fylket:

1. Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid
2. Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr 1
3. Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu
4. Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

## **Fylkesstrategi for forskings- og innovasjon 2021-2024**

Det overordna målet er auka innovasjonstakt i Møre og Romsdal. Dette blir underbygd av fem delmål:

1. Næringslivet og kommunane aukar kvart år sin innsats på eigenutført og innkjøpt FoU.
2. Støtte til FOI-prosjekt frå verkemiddelapparatet og Horisont Europa aukar kvart år, og regionen tiltrekker seg meir kompetanse og venture-kapital.
3. Utdannings- og forskingsmiljøa styrker sin kapasitet og kunnskap som støttar opp under fornying i næringslivet og i kommunal sektor.
4. Samspelet om FOI aukar på tvers av fag-, bransje-, sektor-, region- og landegrensene.
5. Møre og Romsdal gir synlege bidrag til å løyse dei store samfunnsutfordringane.

## **Skaparkraft - satsing på berekraftig eksport 2022-2032**

Formålet med satsinga er å styrke eksportnæringane i fylket og stimulere til utvikling av nye næringar. Det langsiktige målet er auka berekraftig eksport frå Møre og Romsdal, og det vart arbeidd innanfor fire satsingsområde:

1. Grøne industrielle løft: utvikling av sirkulære verdikjeder og industrielle samspel/symbiosar for det grønne skiftet
2. Smart teknologi: utviklingsprosjekt og kompetanseheving innan smart teknologi
3. Fornybar energi: bidra til at næringslivet får tilgang til fornybar energi og infrastruktur
4. Kompetanse i og for næringslivet: utvikling av kompetanseprogram og nye utdanningstilbod

## **Felles spissa samfunnsoppdrag - «Missons»**

Gjennom nasjonal samhandlingmodell vart det i 2022 vedteke tre felles satsingar med konkretiserte mål innan 2030:

1. Utvikle industriell symbiose på tvers av verdikjeder
2. Kvart fylke realiserer minst to industrielle symbiosar for å utnytte ressursar som går til spille i dag, og setje dei inn i produksjonssyklusar
3. Utvikle 100 grønne industriområde/næringsområde med netto nullutslepp gjennom industriell symbiose, på tvers av verdikjeder

## **Fylkeskommunen sitt oppdrag til SIVA over post 553.61 for 2024**

Hovudmålet for Siva er å utløyse lønsam næringsutvikling i verksemder og regionale nærings- og kunnskapsmiljø. Målet med desse midlane er å mobilisere verksemder til innovasjon og bidra til verdiskaping, sysselsetjing og nyskaping i fylket. Vidare skal dei bidra til å utløyse ny aktivitet i næringslivet i distriktsområda som ikkje blir ivareteke gjennom nasjonale verkemiddel. For 2024 skal ordninga òg hjelpe med å styrkje verksemdene si grønne konkurransekraft.

### **Næringshageprogrammet:**

Næringshageprogrammet er eit distriktpolitisk verkemiddel som gjer auka verdiskaping, gjennom å utvikle et mangfaldig, berekraftig og konkurransedyktig næringsliv i heile landet.

Programmet er næringsnøytralt og skal bidra til auka verdiskaping i små og mellomstore verksemder, samt vidareutvikle og styrke dei regionale og nasjonale økosystema for innovasjon.

Næringshageprogrammet har to målgrupper:

1. Innovasjonsselskap med relevant kompetanse og som har ei sentral rolle i det regionale økosystemet.
2. Små og mellomstore verksemder og nyetableringar, primært i distrikta, med evne og vilje til omstilling og vekst

Kriterium for måloppnåing

- Vekst i omsetning, verdiskaping og sysselsetting i verksemder som mottar støtte gjennom programmet

Aktivitetsindikatorar

- Sum løyvde midlar frå posten og del administrasjons- og gjennomføringskostnader
- Tal målbedrifter innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte
- Indikatorar for berekraft
- Tal kompetansehevande tiltak innanfor berekraft (både for tilsette i næringshagen og for målbedriftene)
- Del målbedrifter som har berekraft som ein sentral del av forretningsmodellen sin
- Del målbedrifter som har digitalisering som ein sentral del av forretningsmodellen sin
- Del målbedrifter som har hatt auke i SRL-skalaen (Sustainable Readiness Level)
- Del målbedrifter som svarar opp på minst eit av seks miljømål i taksonomien
- Del målbedrifter med kvinneleg leiing

Støtte som er løyvde til næringshageselskapa er todelt:

- “75 pst. av tilskuddet gis som innovasjonsstøtte til små og mellomstore bedrifter (artikkel 28 i EUs gruppeunntaksforordning) som bidrar til rabatterte innovasjonstjenester til små og mellomstore bedrifter som er tatt opp som målbedrifter i næringshageprogrammet
- 25 pst. av tilskuddet gis til næringshagene utenom statsstøtteregulverket. Dette skal dekke kostnader knyttet til administrasjon og gjennomføring av næringshageprogrammet. I dette inngår for eksempel innlemmelse av deltakere i programmet, rapporteringsforpliktelser, prosjektledelse, profilering og markedsføring av næringshagen, organisering av opplæring mv.” (jf. retningslinjer for kap.553.61)

### **Inkubasjonsprogrammet:**

Målet med Inkubasjonsprogrammet er auka nasjonal verdiskaping gjennom effektivt å identifisere, kommersialisere og vidareutvikle innovative idear til nye vekstbedrifter, og utløyse vekst i etablerte verksemder. Inkubasjonsprogrammet er næringsnøytralt og nedslagsfeltet for programmet er heile landet. Programmet med oppstart i 2023 har auka fokus på berekraft,

forsterket kobling mot FoU, digitalisering og industriutvikling, auka fokus på kompetanseutvikling, samt henvisningskompetanse og samspel med andre verkemidlar som vil være et verkty i omstillings- og utviklingsarbeid til bedriftene.

Inkubasjonsprogrammet har to målgrupper:

1. Sterke innovasjonsmiljø som har ei sentral rolle i det regionale økosystemet, bidrar aktivt i det nasjonale økosystemet og kor inkubasjon er ein vesentlig aktivitet
2. Innovative idear og bedrifter med internasjonalt eller nasjonalt vekstpotensial.

Kriterium for måloppnåing

- verdiskapings- og omsetningsvekst i bedriftene som er knytt til inkubatorane.

Aktivitetsindikatorar

- Sum løyvde midlar frå posten og del administrasjons- og gjennomføringskostnader
- Indikatorar for bærekraft
- Tal kompetansehevende tiltak innanfor berekraft (både for tilsette i inkubatoren og for målbedriftene)
- Del bedrifter som har berekraft som en sentral del av forretningsmodellen sin
- Del bedrifter som har digitalisering som en sentral del av forretningsmodellen sin
- Del bedrifter som har hatt en auke i SRL-skalaen (Sustainable Readiness Level)
- Del bedrifter som svarer opp på minst ett av seks miljømål i taksonomien
- Del bedrifter med kvinneleg leiing

Støtta løvyd til inkubatorene er todelt:

- “80 pst. av tilskuddet gis som innovasjonsstøtte til små og mellomstore bedrifter (artikkel 28 i EUs gruppeunntaksforordning) som bidrar til rabatterte innovasjonstjenester til små og mellomstore bedrifter som er tatt opp i inkubasjonsprogrammet.
- 20 pst. av tilskuddet gis til inkubatorene utenom statsstøtteregulverket. Dette skal dekke kostnader knyttet til administrasjon og gjennomføring av inkubasjonsprogrammet. I dette inngår for eksempel innlemmelse av deltakere i programmet, rapporteringsforpliktelser, prosjektledelse, profilering og markedsføring, organisering av opplæring mv.” (ref.retningsliner for kap.553.61)

## 22 mill. kroner til Siva for 2024 er fordelt slik:

Etter vedtak i kompetanse og næringsutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune 1.februar 2024.

Opptak og innplassering differensieringsmodell i næringshage- og inkubasjonsprogrammet	Tilskotsnivå	Beløp kr diff.modell	Toppfinansering (prisjustering)	Sum beløp kr
<b>Næringshageprogrammet</b>	(Nivå 1 til 5)			
Vindel	Nivå 4	2 800 000	210 000	3 010 000
Nordveggen	Nivå 3	2 400 000	180 000	2 580 000
Sunnmøre kulturnæringshage	Nivå 2	2 100 000	150 000	2 250 000
<b>Sum tilskot næringshageprogrammet</b>		<b>7 300 000</b>	<b>540 000</b>	<b>7 840 000</b>
<b>Inkubasjonsprogrammet</b>	(Nivå 1 til 9)			
Åkp	Nivå 8	6 000 000	440 000	6 440 000
Protomore	Nivå 7	5 000 000	360 000	5 360 000
Vindel	Nivå 2	2 200 000	160 000	2 360 000
<b>Sum tilskot inkubasjonsprogrammet</b>		<b>13 200 000</b>	<b>960 000</b>	<b>14 160 000</b>
<b>Sum inkubasjon- og næringshageprogram kapittel 553, post 61 for 2024.</b>		<b>20 500 000</b>	<b>1 500 000</b>	<b>22 000 000</b>

### Administrasjons- og gjennomføringskostnader

Midlar til administrasjon og gjennomføring av oppdraget vert finansiert av Kommunal – og distriktsdepartementet si overføring til Siva på kap.553.61 på vegne av fylkeskommunane. Kommunal- og distriktsdepartementet overfører i 2024 18,3 mill. kroner til administrasjon og gjennomføring av alle dei regionale oppdraga til SIVA.

## **Styring, koordinering og samhandling.**

### **Styringsdialog**

Det er lagt opp til to regionale styringsmøte mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og SIVA knytt til oppdragsbrevet for 2024. Møtet vert gjort i samband med halvårsrapportering, og førebuing til neste års budsjett og oppdragsbrev mm. Fylkeskommunen er ansvarleg for møteinnkalling.

Møre og Romsdal fylkeskommune deltar aktivt i de nasjonale styringsdialogane mellom fylkeskommunane og toppleiinga i SIVA. I 2024 er det planlagt to nasjonale styringsdialogar. Et digitalt møte i juni og et fysisk møte i november. På desse møta vert det gitt status samtidig som en diskuterer utfordringsbilde. Budsjettinnspel og missions-prosjektet for grøn industriutvikling vil også stå på dagsorden.

Siva og Møre og Romsdal fylkeskommune skal gjensidig aktivt medverke til å profilere kvarandre si verksemd og representere kvarandre i samanhengar der det er naturleg.

### **Budsjettinnspel**

Siva skal sende budsjett innspel på post 61 samla til alle fylkeskommunane innan 15.mars, med kopi til Kommunal og distriktsdepartementet.

### **Utbetaling av midlar**

Fylkeskommunen skal utbetale midla til Siva i to delar: ei forskotsutbetaling innan 1. februar og den andre utbetalinga innan 15.august.

Med helsing

Hilde Aspås  
næringssjef

Eivind Vartdal Ryste  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

Kopi til:  
Kommunal- og  
distriktsdepartementet

